



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
22.04.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/5086  
Dykkar referanse

### Kommunane i Hordaland

Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Postboks 13, 5902 Isdalstø  
Hardangerrådet, Postboks 78, 5782 Kinsarvik  
Regionrådet Vest, Sund kommune, Postboks 23, 5371 Skogsvåg  
Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Postboks 444, 5403 Stord

### **Skjønnsmidlar til fornyings- og utviklingsprosjekt i kommunane - 2014**

#### **Innleiing**

Ordinært skjønstilskot er ein del av rammetilskotet til kommunane. Fylkesmannen har til no fordelt kr. 113,8 mill. av den totale ramma på kr. 137,5 mill. til kommunane i Hordaland for 2014. Restsummen på kr. 23,7 mill. vil bli nytta til prosjektskjønn, uføresette hendingar og til generell fordeling i løpet av 2014.

For 2013 blei det opphavleg gitt kr. 17,8 mill. til kommunane i fylket til fornyings- og utviklingsprosjekt.

Fylkesmannen har venta med å senda brev til kommunane om prosjektskjønn til det blei lagt fram reviderte retningsliner for skjønstildelinga i 2014 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Retningslinene er no endra for at fylkesmennene skal kunne gi skjønnsmidlar av eigen skjønsramme til utgreiing om kommunestruktur, sjå nedanfor.

#### **Retningsliner frå Kommunaldepartementet**

##### Generelt

Befolkningsutviklinga fører til store utfordringar i mange kommunar, mellom anna tilpassing av tenestene og avgjerd om korleis dei skal bli løyste. Tilpassing av tenestetilbodet som følge av befolkningsutvikling og auka forventningar frå innbyggjarane om kvalitet i tenestene, inneber at kommunane kontinuerleg må gjere utviklingsarbeid.

##### Innovasjonsprosjekt

I retningslinene for 2014 er innovasjonsprosjekt blitt vektlagte sterkare enn tidlegare år. Innovasjon i kommunesektoren er definert som prosessen med å utvikla nye idear og realisering av ideane slik at dei gir meirverdi for samfunnet. Innovasjon inneber at det skal vere noko nytt for kommunen, og det skal vere nyttig. I retningslinene er det lagt opp til at innovasjonsprosjekt blir prioriterte innafor ramma til fornying og utvikling.

### Prosjekt innan samfunnsutvikling og lokaldemokrati

I retningslinene heiter det at Fylkesmannen kan gi skjønstillskot til prosjekt innan samfunnsutvikling og lokaldemokrati. Fylkesmannen kan også gi skjønstillskot til prosjekt som kan utvikle gode styringssystem innafor ressursbruk og økonomiforvaltning.

### Prosjekt/oppgåver som ikkje vert støtta

Reine næringsutviklingsprosjekt vil ikkje få støtte. Det vil heller ikkje bli gitt støtte til ordinære drifts- og investeringsoppgåver. Interkommunale prosjekt vil i hovudsak berre kunne få tilskot i etableringsfasen.

### Kommunestrukturprosjekt

Utgreiingsprosjekt for samanslåing av kommunar kan få støtte på to måtar. For det første kan slik støtte bli gitt direkte frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Søknader knytte til kommunestrukturprosjekt skal då sendast til Fylkesmannen, som legg ved ein uttale og sender søknaden vidare til departementet. Det er ingen særskilt søknadsfrist for slike søknader til departementet.

For det andre kan støtte til kommunestrukturprosjekt bli gitt frå Fylkesmannen. Fylkesmannen har til no berre hatt høve til å gi skjønstillskot til utgreiingsprosjekt knytte til kommunestruktur når også Kommunaldepartementet har gitt skjønstillskot til det same prosjektet, det vil seie som ei samfinansiering med departementet. Fylkesmennene vil no få høve til å gi skjønstillskot til utgreiing av kommunestruktur uavhengig av om departementet gir tilskot. Når det gjeld slike prosjekt med søknad til Fylkesmann, vil Fylkesmannen vurdere om desse bør samfinansierast med Kommunal- og moderniseringsdepartementet, t.d. der søknadssummen er høg i høve til dei midlane Fylkesmannen har til rådvelde.

I dei reviderte retningslinene er grunnlaget for støtte frå Fylkesmannen til utgreiing om kommunestruktur lik retningslinene som departementet følgjer. Det inneber krav om fleirtalsvedtak i alle kommunestyra, kommunal eigenandel og ein plan for korleis innbyggjarane skal bli høyrd.

Av retningslinene går det og fram at Fylkesmannen kan nytte skjønsmidlane til kommune-kommunekonferansar/seminar i samband med kommunereforma.

Søknader til kommunereformprosjekt skal sendast direkte til Fylkesmannen, jmf. avsnittet om *Søknadsfrist*.

### Søknader som kjem inn under forsøkslova

Alle søknader som kjem inn under forsøkslova (lov om forsøk i offentleg forvaltning av 26. juni 1992 nr. 87) skal sendast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

### **Satsingsområde**

Kommunesektoren er i sterke omstilling med utfordringar knytte til økonomi, innsparing av kostnader, rekruttering av relevant fagkompetanse og målsetjing om å effektivisera drifta. Det er til dels store skilnader mellom kommunane i ytre og indre strok av fylket når det gjeld både folketalsutvikling, alderssamsetjing og sysselsetjing. Kommunesamarbeid, bruk av ny teknologi og meir føremålstenleg organisering av arbeidet er døme på tiltak som kan bidra til å utvikla og modernisera kommunesektoren i fylket. I denne samanhengen er kompetanseutvikling nødvendig for å lukkast.

Fylkesmannen ynskjer å stimulera kommunane til å setje i gang prosessar innan og mellom kommunar for å kunne utvikle tenestetilbodet og få betre økonomi i drifta. Generelt prioriterer Fylkesmannen å støtte interkommunale samarbeidsprosjekt, mellom anna for at prosjektmidlane skal få større nedslagsfelt og gi betre læringseffekt.

På denne bakgrunn inviterer vi kommunane til å søkja om prosjektmidlar.

Særlege område som vi vil prioritera for 2014 er:

1. Kommunal organisering - kommunestruktur
2. Plan- og byggesak
  - by- og tettstadsutvikling, jf. eigen søknadsfrist for slike prosjekt, sjå s. 4 i dette brevet
3. Folkehelse - samhandlingsreform
4. Miljøvern
5. Interkommunalt brann- og beredskapssamarbeid
6. Barnehage og utdanning
7. Elektronisk dokument utveksling (EDU)
8. Kompetanseutvikling
9. Andre føremål - ymse

Det siste punktet er med for å stimulera til gode prosjekt etter kommunane og regionråda sine eigne ynskjer, utover Fylkesmannen sine prioriteringar.

### **Kommunal forankring og ansvar**

For å få tilskot, må prosjekta vera forankra hos den politiske leiinga i kommunen, og i det minste hos ordførar og rådmann.

For å sikra forankring og tilknyting til prosjektet, er det ein føresetnad at kommunane deltek med ein eigeninnsats. Det er lagt til grunn i retningslinene frå departementet. Eigeninnsatsen frå kommunen kan vera både midlar og arbeidsinnsats. Som hovudregel skal ikkje skjønnsmidlane frå Fylkesmannen utgjere meir enn 50 prosent av kostnadane til prosjektet.

For å sikra ein viss overføringsverdi, skal kommunen senda sluttrapport. Det vil bli lagt ut ein mal for rapportering på heimesida til Fylkesmannen.

### **Ny prosess for tildeling**

Fylkesmannen i Hordaland har i dei seinaste åra gitt vesentleg meir skjønsmidlar enn tidlegare til fornyings- og utviklingsprosjekt. Ei arbeidsgruppe, sett ned av Fylkesmannen, har

vurdert nærmere tildelingsprosessen og har lagt fram ein rapport. I denne går det fram at regionråda bør ha ei koordinerande rolle i samband med søknadsprosessen og rapporteringa, for å få til ei sterkare interkommunal forankring på høgt politisk nivå, også med sikte på prioritering mellom søknader og prosjekt.

Etter tilslutnad frå regionråda vert det no lagt opp til ein søknadsprosess der regionråda får ei slik koordinerande rolle. Fylkesmannen vil framleis vere ansvarleg for sjølve tildelinga, men denne vil i stor grad bygge på prioriteringane frå regionråda. Vi ynskjer også at regionråda skal initiera og bidra til at kommunane får fram gode prosjekt med sikte på fornying og utvikling.

Dei kommunane som er organiserte i eit regionråd, skal som hovudregel sende søknad om skjønsmidlar til fornyings- og utviklingsprosjekt til sitt regionråd. Når regionrådet har vurdert søknadene nærmare, sender regionrådet brev til Fylkesmannen med prioritering av søknadene og med ei grunngjeving for prioriteringa. Kommunar i eit regionråd kan likevel søkje direkte til Fylkesmannen dersom det ligg føre særskilte årsaker for å gjøre dette, men vi ynskjer primært at søknader skal sendast til regionrådet.

Kommunar som ikkje er organiserte i eit regionråd, kan søkje direkte til Fylkesmannen.

Søknader om prosjektmidlar til utgreiing av kommunestruktur må sendast direkte til Fylkesmannen, jmf under.

### **Søknadsfrist**

Regionråda må senda brev til Fylkesmannen med prioritering av søknadene innan ***fredag 06. juni d.å.***

Søknadsfristen er den same ved søknad direkte til Fylkesmannen. På Fylkesmannen sine heimesider blir det lagt ut elektronisk søknadsskjema. Dei kommunane som søker Fylkesmannen direkte, nyttar dette skjemaet. Regionråda er ansvarlege for å få registrert mottekte søknadar i det same elektroniske søknadsskjemaet på Fylkesmannen sine heimesider (eventuelt be kommunane gjøre sjølve registreringa) innan den nemnde fristen, også søknader som regionrådet ikkje vil prioritera med skjønstilstskot.

Vi ber om at det blir lagt ved budsjett for prosjektet og anna dokumentasjon som kan vere av interesse.

For søknader om prosjektmidlar til utgreiing av kommunestruktur, må søknad sendast direkte til Fylkesmannen. Det må vere ein kommune for kvart prosjekt som står som søker på vegne av dei kommunane som vil delta i utgreiinga.

Når det gjeld søknadar om prosjektmidlar knytte til by- og tettstadsutvikling, må desse sendast direkte til Fylkesmannen innan ***fredag 15.august d.å.*** Søknad må sendast i brev og ikkje på det elektroniske søknadsskjemaet. Skjønstilstskot i denne samanheng vil bli gitt som ein del av restfordelinga av skjønsramma i 2014.

Med helsing

Lars Sponheim  
fylkesmann

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift*